

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sande.

Emne: Brynet.

Bygdelag: Voksa

Oppskr. av: Torvald Baade

Gard: Voksa.

(adresse): Voksa

G.nr. 63 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Det er vandt å seie for visst kva brige som er gjorde i måten å kvessa bitjarn på frå den eldste tid og til no. Dei "bryna" (sandsteinheller) som finnst i buplassar frå steinalderstida, ber tydelege merke av at brynet har lege stillt og at ein har førd det som skulde brynast eller slipast, att og fram på steinen. So seint, at vi endå har ord for det i målføret vårt, må denne måten ha vore ibruk for vi har endå stadnamn som peikar dit, f. eks. namnet Sendingane d. e. namn på eit skjer som ser ut pålag som eit stort, liggande bryne eller "send" (ein). Og vi har uttrykket: i eitt send, når ein spring frå ein stad til ein annan utan stans. Men i vanleg meining må ein seie at det er longe ute av bruk i Sande herad, ja for so lang tid sidan at sjøl desse umgripa som er nemnde ovanfor tek til å verta skoddelagde no.

1. Det vanlege ord i bygda er bryne og å bryna eller å kvjetja i motsetnad til (iser i eldre tid) å slipa d. e. når ein sliper på ein vanleg rund slipestein. Hein eller "hennj" er eit finare slag bryne som helst vart brukt på knivar og verkty som skulle ha sers fin egg og bita godt.

2. No vert mest brukt bryner av kunststein (caroborundum) og det er lite ein ser att bryner av naturstein. Etter Hans Strøm: Søndm. Beskrivelse var det ein stad i fjellet ovanfor garden Bjørlykke i Sande at folk tok bryner i gamall tid, ein slag raud sandstein (venteleg olivinstein) men der er ingen på denne garden no, som kjenner til dette så det kan ikkje ha vore noko stor drift.

3. Det vanlege er at alle eggreidskap vert slipt på ein rund slipestein fyrst, og etterpå brynte eller henna så ein fekk av "ronå". Utan ein fekk bort den, vart det ikkje "bit fyre 'nå".

4. Nei, det går inga segner om ein slik måte å kvessa ljå eller sigd på. Det er berre beitlar og minebor ein kvesser på den måten.

5. Eg viser til det som er sagt ovanfor og går ut frå at det fannst "sendar" eller "sendingar" her og, men eg veit i ikkje andre stader det kan finnast no, utan det skulle vera på S. Bjørkedal i Volda, etter det eg har høyrte.

6. Det er vanlegt å slipe ljåen ein gong for ykta, minst, om ein då ikkje har so mange at ein berre sliper om kvelden - og elles om dagen greidde seg med å "kvjetja" (bryne den).

7. Nei det er ikkje vanlegt med meir enn eitt slag bryne til ljåen. Rett nok har vi ordet ~~brynestikke~~ "kvotestikke

2.

men eg har aldri høyrte eller sett at den har vori ibruk her på desse kantar.

8. Det er vanlegt at ljåen sit fast i orvet når ein sliper eller bryner. Fyrste gongen ein "sliper opp" ein ny ljå, vert det gjort før ein set den i orvet. Då held ein den på slipesteinen med egga mot seg.

9. Når ein bryner er det vanlegt at ein styd enden av orvet mot vinstre aksla, med odden av ljåen framover og styd ljåsodden med vinstre handa. I høgre handa har ein brynet og klemmer på med to strok på kvar side av ljåsegga i gongen. Det gjeld å halda takta så ein ikkje kjem utav med "bryneslåtten". Det er den gamle nedervde arbeidsrytmen det. Summe greidde ikkje å halda brynet rett, anna egga vart for tverr. Det kallast "å myle ljåen". Det var no helst kvinnfolka som var mindre sterke i armane som vande seg slike uvanar.

10. Skikken med å bruka brynekopp er mest heilt ukjend.

11. Det kunde henda i serleg turre somrar at ein eller

12. annan tok med vatn i eit kjerald til å væta brynet i, men at ein bar brynekoppen på seg med ein slo, nei det var ikkje vår vis.

13. Det var vanleg med natursteinbryna at ein fukta dei med å sputte på dei. Kunststeinbryne brukar ein oftast utan væte. Olje eller slikt er berre til sers fine bitjarn so som barberknivar. Det kunde henda at ein ~~så~~ slipa turt på slipesteinen for å elda reidskapen når den var for hard, men det var heller sjeldan, for vi har eit ordtak som seier: Gud hjelpe meg dinna mannen slipa kje for utan vatn, han. Ordtaket vert helst brukt når ein talar om folk som forstår å ta seg rett godt betalte for umaken.

14. Ein kallar det "brynegor" eller "slipegor" etter som det kjem av bryne eller slipestein.

15. Eg kjenner ikkje til at bryne- eller slipegor vart brukt til anna enn å pusse knivar, kjelar og blekkty, helst blanda med surt saup eller skyr.

16. Nei eg veit ikkje om at det vart brukt som medisin.

17. Det er ei gamall tru at slipesteinar(runde) som var for harde, vart mjukare når ein grov dei ned i ei myr og let dei ligge der 2.3 .år før ein tok dei ibruk att.

18. Nei at bryna skulde tale, det går inga fråsegn om.

19. Det kunde vel vera så ymse med di, men eg trur ikkje der var nokon serskild formel for kva ein burde seie nettopp i dette høve - eller noko visstru om at det eller det burde seiast - .

20. Nei slike kvad er ukjende her. I minsto har eg aldri høyrte om dei.